Offentleg og privat asfaltering

06.07.2016

Asfaltering ved busslomma i kveld

Den siste tida har det vore mykje asfaltering i Uskedalen, både i offentleg og privat regi. I kveld vart det lagt asfalt ved busslomma ved nedkøyrsla til skulen. Den gamle asfalten var skoren på to punkt. Ny asfalt vart lagt mellom desse punkta.

I juni månad har Kvinnherad asfalt v/ Sindre Stensletten lagt asfalt for private kundar, men også på Fylkesvegen, mellom anna i Ljosneslia og ved Lises Bruktforretning. Kvinnherad Vekstbedrift fekk lagt asfalt på den opne plassen sin.

Private grunneigarar har asfaltert vegen opp til Endregård, til Johannes Hjønnevåg og Leon Gundersen. Meir skal gjerast på denne vegen. Det er eit stort framsteg for mange å få asfaltert veg. Med mykje regn, overflatevatn og graving i grusen er det mykje å spara på vedlikehald med fast dekke.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal